



Sigurd Myklebust har også merka oskeproblemet - på sin måte. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sigurd Myklebust har 12 bilar til utleige og pågangen på dei har i dei siste dagane vore større enn vanleg på grunn av vulkanutbrotet på Island.

Det har ikkje minst vore spørsmål etter leigebilar til Oslo, men Sigurd har også formidla leigebil for ein skikkeleg langtur - til Nederland.

- Og det betyr kanskje at du har fått deg ein tur til Nederland sjølv - for å henta att bilen?

- Nei. den saken ordnar seg ved at bilen blir køyrt tilbake hit etter to veker - av dei som leigde han. Nokre skoleungdommar frå vidaregåande på Husnes er den eine parten i dette transportopplegget og den andreparten er ein lærar frå Nederland som dei har hatt.

Men ellers har det naturleg nok hendt at folk som har ringt om eventuelle langturar med leigebil har sagt nei takk når dei har fått veta kostnaden. Det gjeld også hvis ein vil leige bil til dømes til Oslo, for bilen skal attende til Uskedalen og det blir dyrt hvis eg sjølv må stå for hentinga.

Av Ola Matti Mathisen